

Da er ikkje berre heilsvart å køyra buss!

SKYSS gjer ein kjempejobb slik eg opplever det mellom Knarvik og Bergen. Bussane går kvart kvarter eller halvtime. Ofta direkte til bydn – til ein pris som er utruleg rimeleg. Bussane er spildrande nye, gode sete og stor vindaugo. Sjøførane verkar å ha både humør og overskot.

So les eg din artikkel; Om sinte passasjerar og fudle bussar, og ein SKYSS administrasjon som vert framstillt som om at dei er aldeles bakpå.

Ikkje mykje kveik å få for ein busspassasjer eller administrasjon med å lesa di avis der elende vert slått opp på heile framsida.



Som gamal informasjonssjef er eg oppteken av mediene skal gje ei balansert framstilling av verkelegheita. I dette tilfelle meiner eg difor at du ein dag, du kjenner du har forma inne, kunne ta deg ein tur med buss frå Knarvik sånn i 1030 tida. Slik eg gjorde i dag. Noe kan du enkelt sei, at dette er ei tid på døgeret der arbeidsfolk lite reiser og difor ikkje verd å nytte spaltemilimeter på.

Eg er pensjonist. Eg er ikkje aleine pensjonist, vi er mange. Vi er og ei gruppe som reiser med Skyss bussar – flittig. Med tanke på at dei menneskja som arbeider og gjer sitt beste i SKYSS, treng ei oppmuntring – så utfordrar eg deg til også å fortelja i avisa di om at vi er ein del som er overmåte godt nøgd med den jobben SKYSS gjer, med bussjøførane og med materiellet.

Med dette. Ha ei riktig unneleg helg – og eg vonar din buss går!!

Gunnar Vetlejord